

MELAND SOGELAG

ÅRSMELDING 2017

Etter årsmøtet 2017 og konstituering av styret, var følgjande valde til ulike verv:

Arnt Brakstad (leiar).

Geir Leivestad (nestleiar).

Harald Strømsnes (kasserar).

Monica Petersen Ypsøy.

Arvid Sakseide.

Varafolk:

Bjarte Skintveit.

Anne Marie Skurtveit.

Revisor:

Helge Nygård.

Det var ved årsskiftet 2017/2018 førtini medlemmar i laget.

Det har vore 2 styremøte der det var handsama 13 saker.

Årsmøtet 2017 vedtok eit arbeidsprogram i fire punkt:

1. Hjelpa til med utarbeiding av kulturminneplan for Meland kommune.
2. Halda fram med registrering av foto.
3. Arrangera «kulturturar» i kommunen.
4. Laga ei fotobok (med tekstar) av gjenstandane i Sjøbua på Holmeknappen.

Til punkt 1:

Arbeidet med kulturminneplanen har vorte forseinka så sogelaget har ikkje fått noko å arbeida med.

Til punkt 2:

Sogelaget har framleis ikkje fått betre plass til å arbeida med fotoregistreringa.

Til punkt 3:

Styret drøfta dette punktet i arbeidsprogrammet, men greidde ikkje å få til ein slik «kulturtur» i 2017.

Til punkt 4:

Det vart gjennomført to fotoøkter i Sjøbua. Det har vorte laga tekstar til dei fleste bileta, men det står enno att litt arbeid med tekstinga. Boka bør verta gjort ferdig våren 2018.

Andre tiltak:

Om «Øpsebåten» Teisten.

I februar var det to representantar frå Hardanger Fartøyvernssenter og såg på båten. Sogelaget fekk etter purring oversendt rapporten i midten på desember. Konklusjonen i rapporten er slik: «*Båten framstår som et prosjekt som har dratt mye ut i tid og restaurert på en lite antikvarisk måte. I en videre restaurering må en derfor vær klar over at det blir en høy grad av fornying ettersom det er forholdsvis lite av de gamle komponentene og delene som kan brukes videre. Likevel er båten såpass komplett at det blir lite gjetting.*»

Styret skal drøfta kva ein no skal gjera med båten.

Innsamling av stadnamn.

Leiaren har gjort ferdig stadnamninnsamlinga på gardane Mjåtveit, Øvre Tveit og Kårbø. Til saman har 315 namn vorte kartfesta på desse tre gardane. Kopi av innsamlingane er sendt universitetet i Bergen. Namna vert innskrivne dataleselege slik at dei kan inkluderast i databasen over Hordanamn.

Holme – eit bygdesenter på 1900-talet.

I mai var det ein «delegasjon» frå kulturavdelinga hjå Hordaland fylkeskommune på Holme for å sjå kva som finst av kulturminne på denne garden. I tillegg møtte det «kulturarbeidarar» frå ein del kommunar i Hordaland. I samband med denne dagssamlinga laga leiaren eit notat som inneheld ein del lokalhistorie frå Holmegarden. Det viser at Holme med mellom anna rutebåtkai, meieri, to butikkar, saltebu, ferieplass for Jernskipsbyggernes fagforening, pensjonat og 10 – 12 naust i aktivt bruk, var ein sentral stad med mykje aktivitet – spesielt på første halvdel av hundreåret.

Artikkel i Meland Jul om fruktdyrking på Skjelanger.

Leiaren skreiv artikkel om frukt- og bær dyrking i Paradiset på Skjelanger. Alt på slutten av 1800-talet tok Nils J. Skjelanger til med å planta frukttrær på ein stad som mange ikkje trudde det var råd å få noko særleg avling frå ein frukt- og bærhage.

Digitalisering av 8 mm fargefilmar.

I samarbeid med kulturavdeling i Meland kommune vart to 8 mm fargefilmar frå 1960-talet digitalisert. Filmene er lånte av Nils Arne Lavik og inneheld ein del opptak, men òg opptak mellom anna frå 17. mai-feiringar som er av meir allmenn interesse. Det er Erling Lavik som har filma. Kulturavdelinga i Meland kommune har fått løyve til å laga ein redigert versjon av filmene som kan brukast til offentleg framsyning.

Arkivarbeid.

Ein god del kommunalt arkivmateriale, mest frå skular og det «gamle» skulekontoret, vart levert til Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH). Leiaren samarbeidde med dei arkivansvarlege i kommunen for å få levert inn mest mogeleg av dette materialet. Dette var siste sjanse til å få levert det inn grovsortert med lister over innhaldet.

Har dette året òg sortert og merka meir av det private arkivet som sogelaget har samla i eit lokale i rådhuskjellaren.

Frekhaug 07.02.18.

For styret i Meland sogelag



Arnt Brakstad
leiar